

**Harald Hove** sette fram slikt forslag:

” Tillegg til pkt. 1:  
Fylkesutvalet tek saka til orientering og vil ...

Pkt. 2 i innstillinga vert oversendt til fylkesrådmannen og vert teke med i det pågåande arbeidet som er knytta til spørsmål vedkomande ”varslarar”.

(”Fylkesutvalet vil understreke den einskilde arbeidstakar sin rett og plikt til å varsle overordna om lovstridige eller uheldige tilhøve som vedkomande har kjennskap til. Slik varsling skal aldri føre til negative reaksjonar overfor den som varslar.”)

### **Røysting**

Innstillinga pkt. 1 med Hove sitt tillegg og innstillinga pkt. 3 vart samrøystes vedteken.

Hove sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.

### **VEDTAK**

1. Fylkesutvalet tek saka til orientering og vil understreke at tilsette i Hordaland fylkeskommune har full yringsfridom. Dette omfattar også ytringar om eige arbeidsområde. Fylkesutvalet vil framheva at den kunnskap og dei erfaringar tilsette har gir grunnlag for nyttige bidrag til den offentlege debatt.
2. Fylkesutvalet tek til etterretning sak om praktisering av offentleghetsprinsippet. Det vert understreka at fylkeskommunen skal praktisere meiroffentleghet, og i den samanheng så langt råd ikkje unnta dokument etter gjeldande lov som vil vere offentleg etter den vedtekne offentleglova.